

No er eg gamal aa graae haar

1) No er eg gamal aa graae haar
dei kjeme fram. Mine steg dei gaar
til gravi, aa snart mi kista stend
paa randi, og mine fraa heim aa grend
legg blomar aa kransar, aa dei græt
ber meg til gravi so mørk aa vaat

2) Ein ikkje alle til gravi bær
Menneskjelekame mangleis fer
paa vatn aa i sjø, i is aa kav
i fjell aa uvær i djupe hav
i kjende grendar i framande land
faarar stend framfyr kvinna og mann

3) Eg hugsar ho sa mi kjæra mor
i varme mjuke aa manande ord
kvar i verdi ein reise aa fæær
Faarur aa fresting etter os er
mot aa megong gleda aa sorg
manglar ikkje paa verdens torf

4) Eg var ung, men eg hugsar det vel
mor sine ord smaug inn i mi sjel
løynde seg dar, men kom framatt daa
naar noko i livet røynte paa
naar eg var utmasa , kald aa matt
kom mor sin ord, med varme att

5) Kvifyr væra lei aa sutig eg
ho mor hadde sagt meg livsens veg
Kvifyr ikkje meira tolmod no
um motegongar framfyr meg sto
Kvifyr ikkje meira fredleg hug
kvifyr ikkje meira tillit aa tru

6) Daa ein er ung fell no alting gildt
ein fære ikring, ein stormar vildt
aa naar ein færast verdi ikring
ser ein vel anna, ein rare ting
kunde nok henda mor sine ord
av aa til varmt gjennom hjarta for

7) Ungdom gløym ikkje mor sine ord
dei kjem so vel med naar ein vert stor
ein log i hjarta, ei trøysteaa
i kjendslor aa røynsla fær ein sjaa
at um ein færast al verdi rundt
i mor sine ord laag ikkje vondt

8) Gud han so gav os alle ei mor
so stelte med os i gjerd aa ord
han er kjærleik, miskundsam aa god
yver kvar heim lyse fred aa ro
Gud er heilag, vis, sandru aa stor
aa kjærleik han gjev til far a mor